

Protokollar

2019

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 28.04.20 . Møtet var arrangert elektronisk via Teams.

Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl.17.30.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Ingvild Aasen, Toril Hasfjord Bjørneset, Kristin Riise, Pauline Vinjevoll, Olav Hope og Eldar Englund.

Ingebjørg Osdal melde lovleg forfall og vara for henne, Lin Storm Traagstad hadde og lovleg forfall.

På vegne av styret møtte leiar Jon Helge Bjørndal. Petter Bjørndal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Ingvild Aasen og Pauline Vartdal Vinjevoll vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, som omfatta sakene 01-20 til og med 10-20.

Rep.sak: 01-20. Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak: 02-20. Resultat mot budsjett 2019

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak: 03-20. Godkjenning av eigarskapsmelding for 2019.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet godkjenner eigarskapsmelding for 2019 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Repsak: 04-20. Årsmelding 2019

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet godkjenner årsmelding for 2019 slik den ligg føre.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Repsak: 05-20. Godkjenning av årsrekneskap 2019

Vedtak 7 røysteføre:
Representantskapet godkjenner rekneskapet for 2019 slik den ligg føre.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Repsak: 06-20. Årsrapport styring og leiing

Vedtak 7 røysteføre:
Representantskapet tek sak vedkomande Årsrapport styring og leiing, til vitande.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak: 07-20. Overordna styringsdokumentasjon.

Vedtak 7 røysteføre:
Representantskapet fastsetter slik overordna systemdokumentasjon:
5.1. Instruks for representantskap og styre
5.2. Policy / etiske retningsliner
6.2. Kvalitetsmål og måloppnåing
7.4 Varslingsrutinar

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak: 08-20. Samarbeid / samanslåing RIR-ÅRIM-VØR - status.

Vedtak 7 røysteføre:
Representantskapet tek orienteringa om status i arbeidet med å utgreie samarbeid/
samanslåing til vitande.

Handsaminga:
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak: 09-20. Val av styre med leiar og nestleiar for perioden 2020-2022

Vedtak 7 røysteføre:
Representantskapet vel slikt styre med vara for perioden 2020-2022:
1. a) Medlemar frå Ørsta:

John Helge Bjørndal

Anne Ellingsen

b) Medlemar frå Volda:

Hallvard Bjørneset
Henriette Hafsaas

c) Vara frå Ørsta

1 vara: Karl Asgeir Sæbønes
2 vara: Bjørnar Hovland

d) Vara frå Volda:

1 vara: Sissel Anita Øyen Hareide
2 vara: Kjell Tore Aarstad

2. Styreleiar: Anne Ellingsen

Nestleiar: Hallvard Bjørneset

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå valnemnda

Rep.sak: 10-20 Referatsaker


Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar referatsakene til orientering


Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 28.04.20



Jan Henning Egsæt
Leiar




Ingvild Aasen
Ingvild Aasen

Pauline Vartdal Vinjevoll



Petter Bjørdal
Referent



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Måndag 16.12.19 på Miljøstasjonen. I forkant av møtet var det opplæring for representantskapet og styret sine medlemar og vara-medlemar.

Det formelle møtet tok til kl. 15.00. Møtet slutta kl. 15.45

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Eldar Engelund, Ingebjørg Osdal, Pauline Vinjevoll, Olav Hope, Ingvild Aasen og personleg vara Ann Charlotte Humberset Fiskarstarand som møtte på vegne av Toril Hasfjord Bjørneset, som melde avbod. Kristin Riise møtte ikkje.

Jon Helge Bjørndal møtte på vegne av styret. Petter Bjørndal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar i det avtroppande representantskapet Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend med ny sak 14-19. Val av valnemnd til val i styret.

Ingvild Aasen og Pauline Vartdal Vinjevoll vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Rep.sak: 11-19. Val av leiar og nestleiar i representantskapet.

Vedtak(7 røysteføre):

Jan Henning Egset vert valt til leiar i representantskapet for VØR.

Ingvild Aasen vert valt til nestleiar i representantskapet for VØR.

Handsaminga:

Pauline Vartdal Vinjevoll foreslo Jan Henning Egset som leiar

Olav Hope foreslo Ingvild Aasen som nestleiar.

Disse vart samrøystes valde.

Rep.sak: 12-19: Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

Rep.sak: 13-19 Referatsaker

Vedtak (7 røysteføre)

Representantskapet tar referatsakene til orientering

Handsaminga

Følgjande referatsaker vart lagt ut til møtet:

- Møteplan 2020 vedteke i styret 12 november 2019.
- KS: «Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll»

Rep.sak: 14-19 Val av valnemnd

Vedtak (7 røysteføre)

Representantskapet vel Jan Henning Egset, Ingvild Aasen og Pauline Vartdal Vinjevoll til medlemar i valnemnd for val til styret, som skal legge fram tilråding i neste representantskapsmøte.

Handsaminga:

Jan Henning Egset foreslo slikt framlegg til vedtak på bakgrunn av kommunestyra sitt vedtak i forvaltningsrevisjon av VØR.

Representantskapet vel Jan Henning Egset, Ingvild Aasen og Pauline Vartdal Vinjevoll til medlemar i valnemnd for val til styret, som skal legge fram tilråding i neste representantskapsmøte.

Rett utskrift 16.12.19


Jan Henning Egset
Møteleiar


Ingvild Aasen


Pauline Vartdal Vinjevoll


Petter Bjørdal Referent

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 08.10.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 18.30.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Jostein O. Mo, Oddmund Arne Torvik, Toril Hasfjord, Hild Våge og Aslaug Marit Øyehaug. Pauline Vartdal Vinjevoll melde forfall og Bjørn Helset møtte ikkje.

Jon Helge Bjørndal møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Jostein O. Mo og Aslaug Marit Øyehaug vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Sak 08-19 vart handsama etter sak 05-19.

Rep.sak: 05-19: Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 6 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Følgjande saker vart orientert om. Økonomisk resultat pr 2 tærtial. Innsamling / bildrift.

Rep.sak: 06-19: Strategiplan 2020-2023

Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapet godkjenner Strategi/verksemdsplan 2020-2023, slik den ligg føre, med handlingsplanar for første år i perioden.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Det vart lagt fram analysar og handlingsplanar for miljømål, investeringsplan og kommunikasjonsplan som støttar opp om miljømåla, ilag med prognose for gjenvinningsgrad i perioden.

Kommunikasjonsplanen vert å innarbeide i strategiplanen til neste rullering av planen.

Rep.sak: 07-19 Økonomiplan 2020-23.

Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapet vedtek i tråd med Strategiplan 2020-2023 slik økonomiplan for perioden:

2020:

Bygg og faste installasjonar

Kr 14,3 mill. i opparbeiding av ny tomt.

Kr 22,0 mill. i omlastehallar for mat-, rest- og papiravfall med luktreising og personalbase.

Kr 20,4 mill. i Tele, Elkraft, VVS og generelle kostnader

Kr 10,3 mill. i felleskostnader og avsetning til usikre postar

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i div utstyr i samband med renovasjon Hornindal.

Kr 2,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 4,5 mill. komposteringsmaskin for hageavfall

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som avfallsbeholdarar, containerar, komprimatorar og liknande.

2021:

Bygg og faste installasjonar

Kr 5,0 mill.kr i oppgradering av anlegg i Hovdebygda.
Kr 11,2 mill. i grunnkjøp i tråd med rep. skapet sitt tidligere vedtak i sak 08-17 og styresak 27-17.

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg
Kr 1,0 mill. i mindre investeringar
Kr 1,0 mill. Oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2022:

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg
Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som containerar og enkle bygningsmessige tiltak, oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2023:

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg
Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som containerar og enkle bygningsmessige tiltak, oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2. Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden vert å vurdere når Løyve ligg føre med prosjektgruppa sin tilråding.

3. Fossilfrie køyrety og drivstoff typer vert å vurdere, i samband med oppstart av biogassanlegg.

4. Administrasjonen innarbeidar oppdatert kostnadskalkyle for investeringane i 2020 før handsaminga i representantskapet.

5. VØR sluttar med sal av svarte avfalls sekkar for restavfall og går over til lys gule sekkar merka VØR. Dette så tidleg som råd i 2020.

Handsaminga (8 røysteføre):

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga frå styret.

Rep.sak. 08-19 Budsjett 2020

Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1.0 Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfall- og slangebyr for 2020.

1.1

Artikkel	Renovasjon	Eks mva	Inkl. mva
1/20400	Renov. standard (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest)	Kr 2795,20	Kr 3494,00
1/20402	Renov. storhushald (140L våtorg, 240 L papir, 240 L rest)	Kr 5031,20	Kr 6289,00
1/20403	Renov. m/kompostavtale (140 L rest, 140 L papir)	Kr 2236,00	Kr 2795,00
1/20404	Renov. storhushald ekstra (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 7267,20	Kr 9084,00
1/20406	Renov. samarbeid standard inntil 2 abonnentar pr. ab. (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest/)	Kr 2516,00	Kr 3145,00
1/20407	Renov. samarbeid 240L/340L/660L pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)	Kr 2656,00	Kr 3320,00
1/20408	Renov. samarbeid storhushald ekstra pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 3773,60	Kr 4717,00
1/20409	Renovasjon nedgrave felles container	Kr 2795,20	Kr 3494,00

1/20422	Renovasjon nedgrave felles >100 einingar. U tillegg. Heil eining.	Kr 1397,60	Kr 1747,00
1/20410	Renov. standard pluss (140L våtorg, 240 L papir,140 L rest)	Kr 2795,20	Kr 3494,00
1/20412	Renov. storhushald pluss (140L våtorg, 340L papir, 240 L rest)	Kr 5031,20	Kr 6289,00
1/20413	Renov. kompostering pluss (240 L papir,140 L rest)	Kr 2236,00	Kr 2795,00
1/20414	Renov. storhushald ekstra pluss pr. ab. (440 L papir, 340 L rest)	Kr 7267,20	Kr 9084,00
1/20416	Renov. samarbeid inntil 2 abonnentar standard pluss pr. ab. (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 2516,00	Kr 3145,00
1/20417	Renov. samarbeid 240/340/660L pluss pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)	Kr 2656,00	Kr 3320,00
1/20419	Henteavtale kvar 14 dag	Kr 452,00	Kr 565,00
1/20420	Renov. Hyblar.	Kr 1397,60	Kr 1747,00
1/20421	Renov. samarbeid storhushald ekstra pluss pr. ab. . (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 3773,60	Kr 4717,00
1/20425	Ekstra sekk til restavfall	Kr 70,40	Kr 88,00
1/20426	Fritidshus 50 % høg standard med levering fellespunkt	Kr 1397,60	Kr 1747,00
1/20427	Fritidshus 30 % middels standard med levering fellespunkt	Kr 838,40	Kr 1048,00
1/20429	Fritidshus 10 % minimum standard med levering fellespunkt	Kr 280,00	Kr 350,00
1/20428	Renov. fritidsbustad med eigen 140L behaldar for papir og 140L behaldar for restavfall og 140 L behaldar for glas	Kr 2236,00	Kr 2795,00
1/20xxx	Brikker for nedgrave anlegg utover 1 stk. pr. bueining.	Kr 240,00	Kr 300,00
1/20xxx	Returplastsekkar i rullar á 25 sekkar	Kr 120,00	Kr 150,00
1/20xxx	Matavfallposar i rullar á 50 sekkar	Kr 120,00	Kr 150,00

Alle heile gebyreiningar for hushaldning får årleg levert ut 1 rull for plastavfall, 3 rullar for matavfall. Henting av glas og metallemballasje og utlevering av raud boks for farleg avfall er inklusiv i alle abonnement.

1.2	Kloakkslam	Eks mva	Inkl mva
1/20460	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv.2. år tøming.	Kr 1184,00	Kr 1480,00
1/20463	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Årleg tøming.	Kr 2368,00	Kr 2960,00
1/20464	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv. 4. år tøming	Kr 592,00	Kr 740,00
1/20469	Slamavskiljar. Pr. m3 over 4,5 m3	Kr 564,80	Kr 706,00
	Kloakkslam – tett tank		
1/20468	Tøming av tank inntil 6,0 m3.	Kr 3211,20	Kr 4014,00
1/20470	Tøming pr. m3 for tankar over 6 m3	Kr 630,40	Kr 788,00
	Kommunale fellestankar		
1/20472	Gebyr pr. m3 for årleg tøming > 4,5 m3	Kr 544,00	Kr 680,00
1/20484	Gebyr pr. m3 for kvar 2 år tøming > 4,5 m3	Kr 272,00	Kr 340,00
	Tillegg til ordinær tømepris		
1/20486	Tilkøyring ved naudtøming	Kr 2108,80	Kr 2636,00
1/20487	Tilkøyring ved ekstratøming	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20488	Tøming med minislamsugar.	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20474	Oppdrag etter timepris. Pris pr. time.	Kr 1250,40	Kr 1563,00

Tette tankar skal for både heilårs- og fritidsbustad, tømast kvart år.

Slamavskiljar knytt til heilårsbustad skal tømast annakvart år. Slamavskiljar knytt til fritidsbustad skal tømast kvart fjerde år.

Minislamsugar vert nytta der vegtilkomst ikkje tillèt bruk av standardutstyr. Jfr. Ren.forskr.§ 14.d.

Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilråding frå styret.

Rep.sak nr 09-19. Utvida samarbeid for VØR evt. samanslåing med andre selskap.

Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapet rår kommunestyra til å vurdere VØR sin framtid som eige selskap, og har på den bakgrunn gjort slikt vedtak:

1. Representantskapet ser at det går føre seg fleire strukturendringar i avfallsbransjen og at større selskap jamt over driv meir kostnadseffektivt som følgje av fleire stordriftsfordelar enn mindre selskap.
2. Representantskapet vil likevel peike på at VØR til no har greidd seg bra i høve gebyr og tilbod og synes også å gjere det dei komande år. I eit litt lengre perspektiv vil dette verte utfordra. Representantskapet ser det slik at eigarane no bør gjere ei vurdering om korleis ein kan gi innbyggjarane dei beste tilboda i framtida.
3. Representantskapet rår kommunane til å sette ned eit utval med representantar frå begge kommunane og frå VØR, som får i oppgåve å greie ut dei ulike alternativ. Å gå mot nord ilag med Årim, mot vest til SSR, mot sør som er NOMIL eller å fortsette åleine. Frist for å levere innstilling desember 2020.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilråding frå styret.

Rep.sak 10-19 Referatsaker


Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapen tar referatsakene til orientering


Handsaminga

Følgjande referatsaker vart lagt ut til møtet: Notat av 28.08.2019 frå Ina Osdal Saure. Revidert forskrift er vedteken med verknad frå 01.01.2020 i Ørsta og Volda. Brev frå Brønnøysundregistra 23.07.19 – stadfesting på motteken og godkjent årsrekneskap for rekneskapsåret 2018. Repskapen bad om at kontrollutvalsak 42/19 frå Vest kontroll til konrollutvalet i Ørsta, vart lagt fram og drøfta i møtet. Dette vart gjort

Rett utskrift 08.10.19


Jan Henning Egset

Leiar


Petter Bjørndal
Referent

Aslaug Marit Øyehaug

Jostein O. Mo

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 21.05.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 18.30.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Jostein O. Mo, Oddmund Arne Torvik, Pauline Vartdal Vinjevoll, Toril Hasfjord og Hild Våge. Aslaug Marit Øyehaug melde forfall, og for Øyehaug møtte vara Kari Aamaas. Bjørn Helset møtte ikkje.

Ingen møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Arne Torvik og Hild Våge vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Rep.sak 01-19: Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak 02-19: Resultat mot budsjett 2018.

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tek saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak 03-19. Eigarskapsmelding, Årsmelding og rekneskap 2018

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet godkjenner eigarskapsmelding, årsmelding og rekneskap for 2018 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak 04-19 Revisjon av selskapsavtalen til VØR – oppretting av valnemnd.

Vedtak 7 røysteføre:

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for politisk forankring, lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.

Handsaminga

Samrøystes vedteke etter at Hild Våge trekte sitt forslag.

Det vart helde prøverøysting der Jan Henning sitt forslag fekk fire røyster.

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for politisk forankring, lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.

Hild Våge sitt forslag fekk tre røyster

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.
3. Tal eigaroppnemnde vert auka til 6, der kvar kommune peikar ut ein styrerepresentant.

Ingen røysta for adm. sitt forslag i prøverøystinga

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.

Rep.sak 05-19: Referatsaker

Vedtak 7 røysteføre

Representantskapet tar referatsakene til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

- Brev frå Miljødirektoratet av 23.11.18 vedk. klage på Løyve.
- Brev frå KS bedrift av 01.03.18 vedk. ny selskapsavtale
- Brev frå Fylkesmannen av 05.03.19 vedk. endra Løyve.

Rett utskrift 21.05.17


Jan Henning Egset

Leiar


Hild Våge


Arne Oddmund Torvik


Petter Bjørdal
Referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 12.11.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00

Møtet slutt kl. 18.00

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i representantskapet. Anne Ellingsen melde avbod og vara for henne, Ivar Krøvel Velle var innkalla, men møtte ikkje.

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 34 til og med 45-19. Sak 44-19 vart handsama før sak 43-19.

Sakliste:

Sak 34-19. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status mengder avfall i innsamling, bildrift, miljøstasjonsdrift, kommunikasjonsarbeid, status off. innkjøp, nytt frå tilsynsmynde / om Farleg avfall, ISO 9001, Raud boks innsamling hausten 2019, status Hornindal, status Melsgjerdet, prosjekt biogass.

Styret drøfta sak om opplæring for det nye styre og representantskapet, og bad om at det vart gjort som for fire år sidan. Vedkomande studietur så bør det leggast vekt på synfaring til «områder som kan løfte oss» med ettersorteringsanlegg.

Sak 35-19 ISO 9001 – godkjenning av overordna rutiner

Vedtak (4 røysteføre)

Styret fastsetter slik overordna systemdokumentasjon:

- 5.1. Instruks for representantskap og styre
- 5.2. Policy / etiske retningsliner
- 6.2. Kvalitetsmål og måloppnåing
- 7.4 Varslingsrutinar

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Kvalitetsansvarleg Stine Gytri orienterte.

Sak 36-19 Bruk av blanke sekkar i Miljøstasjonen

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek at berre transparente sekkar kan nyttast i Miljøstasjonen frå og med 2020. Dagleg leiar vert bedt om å sette i verk kommunikasjonsaktivitetar for å få gjennomført vedtaket, slik at overgangsperioden vert så kort som råd.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 37-19 Betalingsattsar ved levering til Miljøstasjon / mini gjenbruksstasjon 2020

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek slike betalingsattsar i 2020 for levering av avfall for private til Miljøstasjon / gjenbruksstasjon:

	Eks mva	Inkl mva
Restavfall pr kg. (grovavfall)	Kr 2,00	Kr 2,50
Blanda restavfall pr kg.	Kr 2,00	Kr 2,50
Mat-/våtorganisk avfall pr.kg	Kr 2,00	Kr 2,50
Trevirke pr kg.	Kr 1,44	Kr 1,80
Isopor (per kubikk)	Kr 40,00	Kr 50,00
Avfallssekkar (per stk)	Kr 70,40	Kr 88,00
Minstepris - restavfall og trevirke (0-20 kg)	Kr 40,00	Kr 50,00
Metall	Kr 0,00	Kr 0,00
Hageavfall *	Kr 0,00	Kr 0,00
Farleg avfall og elektrisk avfall (E.E avfall)	Kr 0,00	Kr 0,00
Impregnert tre (kreosot el CCA/CA)	Kr 0,00	Kr 0,00
Asbest	Kr 0,00	Kr 0,00
Lån av hengar pr. gang.	Kr 160,00	Kr 200,00
MINI GJENBRUKSSTASJON GRODÅS.		
Personbil inntil 1m3:	Kr 80,00	Kr 100,00
Tilhengar eller varebil 1-2 m3	Kr 120,00	Kr 120,00
Tilhengar eller varebil 2-4 m3	Kr 240,00	Kr 300,00
Tilhengar eller varebil 4-6 m3	Kr 360,00	Kr 450,00

Levering av volum over 6 m3 til gjenbruksstasjon på Grodås, berre etter avtale.

*Gjeld kvist, gras og lauv frå hagen. Greiner med maks diameter 25 cm. Ikkje røter eller sagflis som er trevirke

Private kan levere farleg avfall inntil 1000 kg pr år og Pcb-haldige isolerglas, inntil 500 kg pr. år innafor gebyret. Ved levering av fritidsbåtar må ferdig utfylt skjema frå Miljødirektoratet følgje med. For meir informasjon sjå <https://www.vor.no/kasserte-fritidsbaatar.493183.nn.html>

Asbesthaldig varer må vere forskriftsmessig pakka før levering og blir slik som PCB haldige isolerglas og fritidsbåtar mindre enn 15, berre tatt imot på anlegget i Hovdebygda. Definisjon av farleg avfall finn ein på <https://www.vor.no/farleg-avfall.6165226-493178.html>

Handsaminga:

Samrøystes vedteke og korrigert med pr. kg.

Sak 38-19 Unntak for bruk av nedgrave anlegg

Vedtak (4 røysteføre)

1. Styret finn å avslå søknad om å sleppe å bruke nedgrave anlegg slik det er søkt om.
2. Styret vil vise til at der i gebyrforskriftene er laga til eit tilbod for dei som av ulike grunnar ikkje kan nytte tilbodne fellesordningar som gjeld i eit område, i form av henteavtale. Det kan nyttast i dette høvet.
3. I sin vurdering legg styret vidare vekt på at argumenta for at alle i nærleiken til anlegget må vere med på fellesordninga er fleire enn ulempene for den enkelte med å delta. Blant disse er:
 - a. Likebehandling av innbyggjarane i høve avstand ein må kunne akseptere å gå med avfallet sitt til næraste oppsamlingspunkt. Avstanden frå bustaden og til anlegget er 17 meter i luftline målt på kart.
 - b. At det bur fleire personar i husstanden.
 - c. At det er politisk ynskje om avfallstekniske løysingar i dei tettaste sentrumsområda som reduserar faren for eldspåsetjingar av avfallscontainerar, gir mindre tungtrafikk og gir tryggare trafikale situasjonar for gåande og syklande.
4. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak: 39-19. Konsekvens av vedtak i MD vedkomande tilskot til nedgravne avfallsanlegg

Vedtak (4 røysteføre)

1. Styret vil vise til vedtak i MD vedkomande nedgrave anlegg, og gjer om inkje vedtak i sak 29-18. Tilskot til etablering av nedgrave anlegg.
2. Vedtaket i punkt 1 skal forståast slik at sameiger / avtalepartar får anleggstilskot på vilkår av at dei nyttar seg av tilbodet med avtale innan 2020.
3. For andre anlegg det vert gått inn driftsavtale om, må investeringskostnaden dekkast av utbyggjar / anleggseigar uavhengig av om dette er anlegg som vert etablert for eksisterande sameiger, eller anlegg som vert etablert for nye sameiger / avtalepartar.
4. Styret ber om at retningslinene vert oppdaterte på heimesidene i tråd med vedtaket i punkt 1, snarast råd.
5. Styret ber om at adm. førebur klagesak til MD i samarbeid med andre i bransjen

Handsaminga:

Samrøystes vedteke etter fellesforslag. Administrasjonen sitt forslag til vedtak fekk 0 røyster.

Administrasjonen sitt forslag til vedtak lagt fram på møtet:

1. Styret vil vise til vedtak i MD vedkomande nedgrave anlegg, og gjer om inkje vedtak i sak 29-18. Tilskot til etablering av nedgrave anlegg.
2. Vedtaket i punkt 1 skal forståast slik at sameiger / avtalepartar som har fått tilbod frå VØR i god tru og før dette vart kjent, får anleggstilskot på vilkår av at dei nyttar seg av tilbodet med avtale i 2019.

3. For andre anlegg det vert gått inn driftsavtale om, må investeringskostnaden dekkast av utbyggjar / anleggseigar uavhengig av om dette er anlegg som vert etablert for eksisterande sameiger, eller anlegg som vert etablert for nye sameiger / avtalepartar.
4. Styret ber om at retningslinene vert oppdaterte på heimesidene i tråd med vedtaket i punkt 1, snarast råd.

Sak 40 -19 Forvaltningsrevisjonsrapport 2019.

Vedtak (4 røysteføre)

1. Styret ber dagleg leiar legge fram sak til seinare møte, om korleis tiltaka foreslått i forvaltningsrevisjonsrapport 2019 del 1 og 2 for det som gjeld VØR sitt ansvar, kan implementerast.
2. Styret ber om at tiltak med økonomiske konsekvensar vert å implementere i 2021 budsjettet.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga 1-3. Nytt punkt 4 etter fellesframlegg..

Sak 41-19 Referatsaker

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt referert:

Ørsta Kommune – Planprogram for kommunedelplan for klima og energi 16.10.19

Brev frå Rekom AS. Avvikling av Rekom – brev 10.10.19.

Utlagt på møtet:

Protokoll overdraging av avtale av 12.11.2019.

Utplassering av elevar i veke 45. Musazgi Gebrhiwet.

Val av representantar til representantskapet og styret i VØR – brev frå Volda og Ørsta kommune.

Sak 42-19 Møteplan 2020

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek slike møtedagar i 2020: 4 februar, 24 mars, 9 juni, 22 september, 17 november.

Representantskapen:28 april, 1 september.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 43-19 Lønsfastsetting dagleg leiar.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret fastset løn til dagleg leiar slik det går fram av lønsprotokollen.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Sak 44-19 Styret sin eigenevaluering

Vedtak (4 røysteføre)

Q:\Dokument 19\Styre og representantskapet\Styremøter\12 november\Møtebok.docx

Styret vedtek eigenevaluering 2019 slik det kjem fram av eigenevalueringsskjema. Styret vil be om at representantskapet gir tilbakemelding på korleis dei vil ha slik styreevaluering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Styreleiar lagar samandrag som vert lagt fram for representantskapet.

Sak 45-19. Godkjenning av møtebok


Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner møtebok frå møte 12 november 2019 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 12.11.19



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel



Helge Standal



Ove Myklebust



Petter Bjørndal
referent

Styreevaluering VØR

Styret i VØR har gjennomført årleg styreevaluering og i 2019 slik det går fram av punkta nedanfor.

Styret gjorde slikt vedtak i saka:

1. Styret vedtek eigenevaluering 2019 slik det kjem fram av eigenevalueringsskjema.
2. Styret vil be om at representantskapet gir tilbakemelding på korleis dei vil ha slik styreevaluering.

Handsaminga:

Det er gitt ein poengsum frå 1 - 5, der 1 står for heilt usamd og 5 står for heilt samd. Dette er utarbeida av styret i fellesskap som kollegiet sitt samla svar.

Representantskapsleiar, dagleg leiar eller administrasjon har ikkje delteke under denne evalueringa. Styreleiar på vegne av styret formidlar forbettringspunkt for det som vedkjem administrasjonen.

1. Roller. Poeng 4.

1. Styret sine oppgåver er klart definert.
2. Eigars forventningar til styret er klart kommunisert
3. Styret er medvitne i høve arbeidsdelinga mellom dagleg leiar og styret
4. Styret har fokus på at selskapsavtalen vert følgt
5. Styret er orientert om selskapet sine mål og oppgåver som er fastsett i lover, kommunale plandokument og budsjettvedtak.

2. Styret som kollegium. Poeng 4.

1. Styret sin fellesskapskjensle kan utviklast gjennom betre kommunikasjon internt i styret
2. Styrediskusjonane viser at styret har stor nok takhøgde.
3. Styremedlemene er opne, ansvarlege, og syner tillit og integritet i høve til kvarandre.
4. Eg har potensial for å verte betre i høve eigne ambisjonar i styrevervet.

3. Visjon og strategi. Poeng 5.

1. VØR har gode og dekkjande visjonar og strategiar
2. Strategiane er alltid førande for styret sine vedtak

4. Styreleiar. Poeng 3,5.

1. Styreleiar gir god tilbakemelding på mi rolle i styret
2. Styreleiar let meg sleppe til med mine synspunkt og slik at det vert ein del av dei totale vedtaka.

5. Styret og dagleg leiar. Poeng 4,5.

1. Det er god samhandling mellom styret og dagleg leiar
2. Dagleg leiar har ein organisasjon som sikra breidde og gir grunnlag for utvikling av VØR

3. Dagleg leiar kjem med god kommunikasjon overfor styret og kommunane
4. Dagleg leiar har etablert eit internkontrollsystem og er nok fokusert på risikostyring og risikoarbeid
5. Styret har forstått og er tydelege på kva saker som skal handsamast av styret
6. Styret får framlagt strategiske saker på ein slik måte at ein har nok tid og underlag til å handsame dei på en forsvarleg og god måte.
7. Styret mottek godt nok faktagrunnlag, til at ein får vurdert selskapet sitt omdøme.

6. Styret sitt arbeid. Poeng 4.

1. Styret er nok fokusert på risikostyring og risikoarbeid
2. Styret har fokus på VØR sine økonomiske mål og verkemidlar for å oppnå disse
3. Det er god balanse mellom fokus på langsiktige og kortsiktige arbeidsoppgåver og utfordringar
4. Styret ville gjort ein betre jobb dersom styret sine oppgåver var betre diskutert og forstått
5. Styret følgjer opp selskapet sine mål og oppgåver som er fastsett i lover, selskapsavtale og kommunalt planverk

7. Styremøta. Poeng 4,5.

1. Det er god meiningsutveksling og diskusjon i styremøta
2. Tida vert prioritert slik at dei rette og viktige sakene får mest tid
3. Styremedlemmane er alltid førebudd og er aktive og engasjerte.
4. Sakene vert mottekne tidsnok til å førebu seg skikkelig.
5. Lengda på styremøta er passande
6. Saksframlegga er gode og gir god nok informasjon til å kunne fatte vedtak
7. Styret blir godt nok orientert om konsekvensane av styrevedtaka
8. Det er dei mest relevante sakene som vert debattert og orientert om i styret
9. Styret bør være ein meir aktiv bestillar overfor administrasjonen.
10. Det vert ført protokoll med gode nok referat frå styremøta

8. Andre relevante tilhøve.

Vedtak 4 røysteføre:

Slik som styreevalueringa er lagt opp til, kan ikkje styret sjå verdien av at denne skal leggest fram for representantskapet.

I debatten før saka vart opplæring av nye styremedlemar drøfta.

Her bør dagleg leiar legge opp opplæring slik det vart gjort for fire år sidan. Fokus på selskapsavtale, oppdraget frå kommunane og årshjulet med fokus på at satsingar må følgje styringslinja. Dvs. heimla i overordna verksemdsplan, økonomiplan og årsbudsjett vedtekne i representantskapet. Vidare må medlemmane settast inn i gjeldande vedtak og satsingar.

For fire år sidan var der opplæringstilbod i regi av Vest Kontroll og Avfallsforum Møre og Romsdal, og dei nye styremedlemmane vert oppmoda om å delta der om slike opplæringstilbod vert gitt og denne gangen.

Det bør og lagast til ei synfaring for medleamar i styre og representantskap. Helst til «områder som kan løfte oss» Men det kom og fram at synfaring til naboselskap vil vere relevant. Det siste kan kombinerast med at styremøta eller representantskapsmøta vert lagt fysisk dit.

12.11.2019.

For styreleiar John Helge Bjørndal



Petter Bjørdal

Vedlegg: KS sin anbefaling 12:

RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret anbefales det at styret etablerer følgende rutiner:

- Fastsetter styreinstruks og instruks for daglig leder med særlig vekt på en klar intern ansvars- og oppgavefordeling.
- Foretar en egenevaluering hvert år.
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal gis opplæring om ansvar, oppgaver og rollefordeling.
- Gjennomfører egne styreseminarer om roller, ansvar og oppgaver.
- Fastsetter en årlig plan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gir en samlet redegjørelse for selskapets styring og ledelse i en årsrapport.

04.11.2019



Petter Bjørdal

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 18.09.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 13.00

Møtet slutt kl. 18.00

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Leiar i representantskapet, Jan Henning Egset hadde ikkje høve til å møte.

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 24 til og med 33-19.

Sakliste:

Sak 24-19. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status økonomi, mengder avfall i innsamling, bildrift, miljøstasjonsdrift, kommunikasjonsarbeid, status off. innkjøp, nytt frå tilsynsmynde / om Farleg avfall, HMS/kvalitetsprosjekt overfylte papirbeholdningar, Raud boks innsamling hausten 2019, nedgrave anlegg, status Hornindal, status Melsgjerdet, prosjekt biogass, temamøte november – ISO 9001. føresetnader i budsjett 2020.

Sak 25-19 Resultat mot budsjett 2 tertial.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Styret ber om at det vert utarbeida ein tilleggsrapport til handsaminga i representantskapet, som syner oppdeling av «Andre driftskostnader» i varekostnader og driftskostnader

Sak: 26-19 Sertifisering etter ISO 9001.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret vil vise til orientering og status i arbeidet som er utført, og vedtek å sertifisere VØR etter ISO 9001 standarden. Styret føreset at dette lar seg finansiere innan ramma til budsjett.

Handsaminga:

Stine Gytri orienterte om status og planar for det vidare arbeidet ved innleiinga til møtet.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Q:\Dokument 19\Styre og representantskapet\Styremøter\18 september\Motebok.docx

Sak: 27-19. Strategiplan 2020-2023

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å godkjenne Strategiplan 2020-2023, slik den ligg føre, med handlingsplanar for første år i perioden.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Det vart lagt fram analysar og handlingsplanar for miljømål, investeringsplan og kommunikasjonsplan som støttar opp om miljømåla, ilag med prognose for gjenvinningsgrad i perioden.

Sak 28-19 Økonomiplan 2020-23.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet vedtek i tråd med Strategiplan 2020-2023 slik økonomiplan for perioden:

2020:

Bygg og faste installasjonar Melsgjerdet

Kr 20,0 mill. i opparbeiding av ny tomt og kompostareal for hageavfall

Kr 23,0 mill. i omlastehall for mat- og rest-avfall med luktreising og personalbase.

Kr 1,3 mill. i port, yttergjerde og mottakspunkt for avfall frå fritidshus

Kr 10,0 mill. i uisolert omlastehall for papir, plast, glas og metallavfall og lager for sekkar/ behaldarar

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i div utstyr i samband med oppstart renovasjon Hornindal.

Kr 2,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 4,5 mill. komposteringsmaskin for hageavfall

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som avfallsbeholdarar, containerar, komprimatorar og liknande.

2021:

Bygg og faste installasjonar

Kr 5,0 mill.kr i oppgradering av anlegg i Hovdebygda.

Kr 11,2 mill. i grunnkjøp i tråd med rep. skapet sitt tidligare vedtak i sak 08-17 og styresak 27-17.

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar

Kr 1,0 mill. Oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2022:

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som containerar og enkle bygningsmessige tiltak, oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2023:

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som containerar og enkle bygningsmessige tiltak, oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden vert å vurdere når Løyve ligg føre med prosjektgruppa sin tilråding.
Fossilfrie køyrety og drivstoff typer vert å vurdere, i samband med oppstart av biogassanlegg.

Administrasjonen innarbeidar oppdatert kostnadskalkyle for investeringane i 2020 før handsaminga i representantskapet.

VØR sluttar med sal av svarte avfalls sekkar for restavfall og går over til lys gule sekkar merka VØR. Dette så tidleg som råd i 2020.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke saman med tillegg fremja av Helge Standal om fossilfrie køyrety og forslag frå styreleiar om å gå bort frå sal av svarte bossekkar.

Administrasjonen legger fram oppdatert kostnadskalkyle for investeringane i 2020 til handsaminga i representantskapet.

Sak 29-19 Budsjet 2020

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1.0 Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfall- og slamgebyr for 2020.

1.1

Artikkel	Renovasjon	Eks mva	Inkl. mva
1/20400	Renov. standard (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest)	Kr 2795,20	Kr 3494,00
1/20402	Renov. storhushald (140L våtorg, 240 L papir, 240 L rest)	Kr 5031,20	Kr 6289,00
1/20403	Renov. m/kompostavtale (140 L rest, 140 L papir)	Kr 2236,00	Kr 2795,00
1/20404	Renov. storhushald ekstra (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 7267,20	Kr 9084,00
1/20406	Renov. samarbeid standard inntil 2 abonnentar pr. ab. (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest/)	Kr 2516,00	Kr 3145,00
1/20407	Renov. samarbeid 240L/340L/660L pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)	Kr 2656,00	Kr 3320,00
1/20408	Renov. samarbeid storhushald ekstra pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 3773,60	Kr 4717,00
1/20409	Renovasjon nedgrave felles container	Kr 2795,20	Kr 3494,00
1/20422	Renovasjon nedgrave felles >100 einingar. U tillegg. Heil eining.	Kr 1397,60	Kr 1747,00
1/20410	Renov. standard pluss (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 2795,20	Kr 3494,00
1/20412	Renov. storhushald pluss (140L våtorg, 340L papir, 240 L rest)	Kr 5031,20	Kr 6289,00
1/20413	Renov. kompostering pluss (240 L papir, 140 L rest)	Kr 2236,00	Kr 2795,00
1/20414	Renov. storhushald ekstra pluss pr. ab. (440 L papir, 340 L rest)	Kr 7267,20	Kr 9084,00
1/20416	Renov. samarbeid inntil 2 abonnentar standard pluss pr. ab. (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 2516,00	Kr 3145,00
1/20417	Renov. samarbeid 240/340/660L pluss pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)	Kr 2656,00	Kr 3320,00
1/20419	Henteavtale kvar 14 dag	Kr 452,00	Kr 565,00
1/20420	Renov. Hyblar.	Kr 1397,60	Kr 1747,00

1/20421	Renov. samarbeid storhushald ekstra pluss pr. ab. . (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 3773,60	Kr 4717,00
1/20425	Ekstra sekk til restavfall	Kr 70,40	Kr 88,00
1/20426	Fritidshus 50 % høg standard med levering fellespunkt	Kr 1397,60	Kr 1747,00
1/20427	Fritidshus 30 % middels standard med levering fellespunkt	Kr 838,40	Kr 1048,00
1/20429	Fritidshus 10 % minimum standard med levering fellespunkt	Kr 280,00	Kr 350,00
1/20428	Renov. fritidsbustad med eigen 140L behaldar for papir og 140L behaldar for restavfall og 140 L behaldar for glas	Kr 2236,00	Kr 2795,00
1/20xxx	Brikker for nedgrave anlegg utover 1 stk. pr. bueining.	Kr 240,00	Kr 300,00
1/20xxx	Returplastsekkar i rullar á 25 sekkar	Kr 120,00	Kr 150,00
1/20xxx	Matavfallposar i rullar á 50 sekkar	Kr 120,00	Kr 150,00

Alle heil gebyreiningar for hushaldning årleg levert ut 1 rull for plastavfall, 3 rullar for matavfall, og henting av glas og metallemballasje frå eigen 140L/240L behaldar og utlevert ei raud boks for farleg avfall.

1.2	Kloakkslam	Eks mva	Inkl mva
1/20460	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv.2. år tøming.	Kr 1184,00	Kr 1480,00
1/20463	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Årleg tøming.	Kr 2368,00	Kr 2960,00
1/20464	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv. 4. år tøming	Kr 592,00	Kr 740,00
1/20469	Slamavskiljar. Pr. m3 over 4,5 m3	Kr 564,80	Kr 706,00
	Kloakkslam – tett tank		
1/20468	Tøming av tank inntil 6,0 m3.	Kr 3211,20	Kr 4014,00
1/20470	Tøming pr. m3 for tankar over 6 m3	Kr 630,40	Kr 788,00
	Kommunale fellestankar		
1/20472	Gebyr pr. m3 for årleg tøming > 4,5 m3	Kr 544,00	Kr 680,00
1/20484	Gebyr pr. m3 for kvar 2 år tøming > 4,5 m3	Kr 272,00	Kr 340,00
	Tillegg til ordinær tømepreis		
1/20486	Tilkøying ved naudtøming	Kr 2108,80	Kr 2636,00
1/20487	Tilkøying ved ekstratøming	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20488	Tøming med minislamsugar.	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20474	Oppdrag etter timepris. Pris pr. time.	Kr 1250,40	Kr 1563,00

Tette tankar skal for både heilårs- og fritidsbustad, tømast kvart år.

Slamavskiljar knytt til heilårsbustad skal tømast annakvart år. Slamavskiljar knytt til fritidsbustad skal tømast kvart fjerde år.

Minislamsugar vert nytta der vegtilkomst ikkje tillèt bruk av standardutstyr. Jfr. Ren.forskr.§ 14.d.

Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med fellesframlegg.

Sak: 30-19. Utvida samarbeid evt. samanslåing med andre selskap.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret sin tilråding til vedtak:

1. Representantskapet ser at det går føre seg fleire strukturendringar rundt oss og at større selskap jamt over driv meir kostnadseffektivt som følgje av fleire stordriftsfordelar enn mindre selskap.
2. Representantskapet vil likevel peike på at VØR til no har greidd seg bra i høve gebyr og tilbod og synes også å gjere dei komande år. I eit litt lengre perspektiv vil dette verte utfordra. Representantskapet ser det slik at eigarane no bør gjere ei vurdering om korleis ein kan gi innbyggjarane dei beste tilboda i framtida.
3. Representantskapet rår kommunane til å sette ned eit utval med representantar frå begge kommunane og frå VØR, som får i oppgåve å greie ut dei ulike alternativ. Å gå mot nord ilag med Årim, mot vest til SSR, mot sør som er NOMIL eller å fortsette åleine. Frist for å levere innstilling desember 2020.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 31-19 Merknader til utkast til forvaltningsrapport. Unnateke off. § 5. 2 ledd.

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret har gått igjennom rapporten og sett på dei moment som kjem fram.
2. Selskapet slik styret ser det, kjem godt ut av kontroll av tilhøvet Retura –VØR og sjølvkostrekneskapen, noko vi har hatt stort fokus på og er tilfredse med. Kravet om separate rekneskap slik rapporten tar til orde for, er berre kostnads og dermed gebyrdrivande, slik vi ser det. Dagens registrering er dekkande i høve lover og forskrifter, noko som eit korrekt sjølvkostrekneskap syner.
3. KS sin «Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» er ikkje vedteke i kommunestyra i Volda og Ørsta, og er såleis ikkje styrande dokument for VØR. Revisjon med utgangspunkt i denne «Anbefalinga» manglar såleis legalitet, slik vi ser det. Å verte revidert på eit ikkje gjeldande regelverk, opplever vi direkte urimeleg.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke etter fellesframlegg. Mail av 18.09.19 lagt fram på møtet.

Sak 32-19 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Utskrift frå fellesnemnda vedk. forskrifter om renovasjon og slam - slutthandsaming

Stadfesting på motteken og godkjent årsrekneskap for rekneskapsåret 2018

Brev av 01.08.19 Ørsta Kommune vedk. avfallscontainer Grøthaugen

Notat av 28.08.19 vedk. papir og plastposar frå kom.ansv. VØR Ina Saure Osdal med vedlegg frå HRA v. Gunn Johannessen.

<https://www.dn.no/magasinet/dokumentar/plast/plastforurensning/norsk-gjenvinning/-hvis-forbrukerne-faktisk-hadde-visst-hvor-lite-som-gar-til-gjenvinning-ville-de-ikke-sortert-plastavfallet/2-1-641716>

Orientering Hornindal – vegar. Konkurransgrunnlag Melsgjerdet – munnleg orientering

Sak 33-19. Godkjenning av møtebok

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner møtebok frå møte 18 september 2019 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 18.09.19



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Anne Ellingsen


Helge Standal


Ove Myklebust


Petter Bjørndal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 11.06.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00

Møtet slutt kl. 14.40

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen.

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 19 til og med 23-19.

Sakliste:

Sak 19-19. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status matavfallinnsamling, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, Personalsituasjonen, Status off. innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / EU, Melsgjerdet, Biogass, Iso 9001, utfordringa framover.

Sak 20-19 Resultat mot budsjett 1 tertial.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

Sak 21-19 Planlagt utbygging på Melsgjerdet. Restart av konkurranse.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret ber dagleg leiar restarte konkurranse på utbygging av Melsgjerdet, når grunnlaget er klart for det.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

Sak 22-19 Referatsaker

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Avtale om vask og reinhald.

Ks bedrift. Lønsoppgjeret 2019.

Protokollar frå lønsoppgjeret vert lagt fram på møtet.

Oppstartbrev selskapskontroll frå Bodhild Laastad datert 21 mai 2019

Årsrapport 2018 Retura Norge AS

Årsrapport 2018 Rekom AS

Årsrapport Retura Søre Sunnmøre AS vert lagt fram på møtet.

Sak 23-19. Godkjenning av møtebok.


Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 11.06.19 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 11.06.19


Jon Helge Bjørndal
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Anne Ellingsen


Helge Standal


Ove Myklebust


Petter Bjørndal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 30.04.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00

Møtet slutt kl. 16.30

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Ann Britt Våge Fannemel

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen.

Frå administrasjonen møtte Stine Gytri under sak 12-19 og Petter Bjørndal under heile møtet. Bjørndal førte møteboka.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 12 til og med 18-19.

Sakliste:

Sak 12-19. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status matavfallinnsamling, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, Personalsituasjonen, Status off. innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / EU, Melsgjerdet, Biogass, Iso 9001, utfordringa framover.

Stine Gytri orienterte om arbeidet med kvalitetsarbeidet ISO 9001.

Sak: 13-19. Resultat mot budsjett 2018

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Ny korrigert rekneskapsversikt vart lagt fram på møtet.

Ann Britt Våge Fannemel stilte spørsmål ved sin habilitet, då ho har hjelpt til med føring av rekneskapsversikt, i samband med sjukdom i VØR. Ho gjekk frå under behandlinga i styret.

Styret kjende Fannemel samrøystes gild. Og ho tok då sete igjen og deltok i handsaminga av saka.

Sak: 14-19. Eigarskapsmelding, Årsmelding og rekneskap 2018

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner eigarskapsmelding, årsmelding og rekneskap for 2018 slik den ligg føre.

Dagleg leiar vert beden om å korrigere inn evt. endringar som må kome frå revisjonshandsaminga, og legge det inn rekneskapsoppsettet, som igjen vert lagt fram for representantskapet.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Eigarskapsmeldinga må sidetal nummererast. Alle tabellar må settast opp i likt mønster.

Sak 15-19: Tap på krav 2019

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner sletting av krav på kr. 3901,-, slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 16-19: Kjøp av teneste i samband med kommunesamanslåing Volda og Hornindal

Vedtak (5 røysteføre)

1. Styret ber dagleg leiar om å inngå avtale med Norkart AS i tråd med tilbod av 8 april, slik at overgangen til abonnentane i Hornindal og Bjørke frå 2020 kan gå så smidig som råd.
2. Inndekning vert å kome tilbake til når resultatet for første tærtial ligg føre.
3. Dei økonomiske konsekvensane som no kjem fram, saman med det i sak 12-19, vert å kome tilbake til i evt. Budsjettkorrigering etter ferien.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 17-19 Referatsaker

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram til møtet:

Ny selskapsavtale for IKS må vedtakast av eigarkommunane 01.03.19

Endring av løyve etter klageavgjersle i MD og søknad om mindre endring 05.03.19.

*Sals- konkurranse og prissamanlikning papir. 15.04.19

Avtale om leasing av renovasjonsbil. Baklastar med kran 16.04.2019

Avtale om leasing av renovasjonsbil. Sidelastar 20.03.2019

Rammeavtale om kjøp av returplastsekkar.

Orientering av konkurranse på kjøp av vask og reinhald

Orientering om kjøp av diesel. Lenging av avtale til sommaren 2020.

Sak 18-19. Godkjenning av møtebok.


Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 30.04.19 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 30.04.19


Jon Helge Bjørndal
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Anne Ellingsen


Helge Standal


Ove Myklebust

Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 05.02.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00

Møtet slutt kl. 16.30

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset melde avbud i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen. Ann Britt Våge Fannemel møtte ikkje.

Frå administrasjonen møtte Ina Osdal Saure og Petter Bjørdal. Bjørdal førte møteboka.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 1 til og med 11-19 og dokument framlagt til møtet.

Sakliste:

Sak 01-19. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status matavfallinnsamling, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, Personalsituasjonen, Status off. innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / EU, Melsgjerdet, Biogass, Iso 9001, utfordringa framover.

Sak nr 02-19 Prinsippavklaring etter forskriftene § 2.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek i tråd med forskriftene § 2 at

- ein abonnent kan få ein stk 140 l ekstra for matavfall, dersom ein går ned i storleik restavfall. Dette får ikkje gebyrmessige konsekvensar. Gebyrsats vert avgjort av den samla tilgjengelege mengda som kan leverast av rest og matavfall.
- Fritidshus med eigne behaldarar for rest-,glas-, og papiravfall kan og få behaldar for matavfall. I høve gebyr vert dette å handsame likt med standardgebyr frå 01.01.2020.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak nr 03-19 Samarbeidsavtale mellom SSR og VØR om mottak, omlasting og transport til biogassanlegg av matavfall.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner avtalen mellom SSR og VØR datert 17.12.18 vedkomande mottak, omlasting og transport til biogassanlegg, slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak nr 04-19 Første utkast til Årsmelding 2018 – arbeidsdokument

Styret ber om at årsmelding vert laga enkelt som før. Eigarmelding vert laga som eige dokument, i tilknytning til årsmeldinga.

Handsaminga:

Dette var ei arbeidsøkt med samspel mellom styret og administrasjon omkring innhaldet i styrets årsmelding.

Sak nr 05-19 Innsats mot Marin forsøpling 2019

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek at VØR skal engasjere seg i nasjonal innsats mot marin forsøpling slik det er lagt opp til frå sentrale myndigheiter.

For seinare år, vert kostnader som det ikkje kan krevjast refusjon for, å bygge inn i årsbudsjettet til VØR.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak nr 06-19 Godkjenning av avtalar mellom RSS og VØR.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner avtalane 1 – 13 mellom RSS og VØR for 2019, slik dei ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. På møtet vart vedlegg unnateke off. lagt fram og orientert om under handsaminga av saka.

Sak nr 07-19 Godkjenning av intensjonsavtalar mellom Årim, VØR og SSR

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner følgjande avtalar mellom avfallselskapa Årim, SSR og VØR:

Intensjonsavtale Etablering av Biogassanlegg

Intensjonsavtale Etablering av ettersorteringsanlegg for avfall

Avtalane vert godkjent under føresetnad om godkjenning i dei to andre selskapa sine styrer.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak nr 08-19 Organisasjonsendring.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner organisasjonsendring og dagleg leiar sin instruks punkt 3 andre ledd, slik det kjem fram av saka.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak nr 09-19 Leasing av nye bilar.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner leasing av tre renovasjonsbilar, slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

Sak 10-19 Referatsaker

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram til møtet:

Brev frå Miljødirektoratet av 23.11.18

Endring i forskrift om industrivern på høyring

Låneopptak 2018 av 02.01.2019

Løyvebrev frå Innovasjon Norge datert 14.01.19

Tilbod frå Grønt Punkt Norge om innsamling av blanda plastemballasje av 29.01.19

På møtet vart det lagt fram brev datert 5/2-19 med tidligare korrespondanse av 3 og 4 februar frå O.Lid. Administrasjonen vert beden om å svare ut at dette vert å vurdere ved neste forskriftsendring.

Sak 11-19. Godkjenning av møtebok.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 05.02.19 slik den ligg føre.


Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 05.02.19




Jon Helge Bjørndal
Styreleiar




Anne Ellingsen



Helge Standal



Ove Myklebust



Petter Bjørndal
referent